

Vil ha skiløyper og gangveggar

Kvamskogen Vel ønskjer ikkje tettare utbygging og ikkje hytter over dagens øvre byggjegrænse. Statens vegvesen vil ha betre trafikktryggleik.

ÅSMUND SOLDAL

På Kvamskogen brukar turgåarar hyttefeltet som turområde – sommar som vinter.

– Og slik bør det vera også i framtida seier leiaren i Kvamskogen Vel, Erik Bjerring Hansen.


Han uroar seg for ei framtidig fortetting av hyttområda. Etter vel-foreininga sitt syn bør frittstående hytter nemleg ikkje liggja tettare enn at dei har 2,5 dekar kring seg. Absolutt minimum bør ikkje vera under 1,5 dekar. Og hyttene bør ikkje vera større enn 120 kvadratmeter.

Gamaldags

Kvamskogen Vel er nøgd med den «gamaldagse» planlegginga frå 80-talet. Det var då lagt mykje arbeid i plassering av hytter, utforming og fargeval.

Kvamskogen vel tilrår inndeling av Kvamskogen i soner der det delvis er forbod mot eller restriksjonar på brøyting av tilkomstveggar.

– Kvamskogen er det næ-



Brøytt sideveggar, parkeringsplassar og plass til utfartsløyper er hovudtema for Kvamskogen Vel og Statens vegvesen.

raste snosikre området for landets nest største by. Difor bør den reviderte kommuneplanen for Kvamskogen ta rekkreasjonsinteressene på alvor, seier han i eit innspel til planen.

Ny plan

Hytteieigarane hevdar at det er altfor mange brøytt lokalveggar i hyttefeltet. Utbygging har dessutan snevra inn store utfartskorridorar. Dette hevdar han skjer både i Furedalen, Aarhusfeltet og i Fureberghovden.

Kvamskogen Vel har om lag 600 medlemmer mellom omtrent 1.700 hytteieigarar. Leiaren ser på dei urørde områda over den øvste byggjegrænse som særst verdfull. Kvamskogen Vel ønskjer ikkje utbyg-

ging her, seier han til HF. Han veit at utbyggingsideen har vore kasta fram.

Som hytteieigar opplever han at grunneigarar og lokalpolitikarar er glad til for alt som kan skapast av aktivitet. På andre sida påpeikar han at kommuneadministrasjonen alltid har hatt eit meir edrueleg syn på saka og gjer grundig og skikkeleg sakshandsaming.

Trafikk

Statens vegvesen har i eit førebels innspel til Kvamskogenplanen tek til orde for langt betre trafikk sikring. Mellom anna vert det sagt at farlege og ulovlege avkøyrslar må vekk og at det må koma eit gangsystem for mjuke trafikkantar. Noko vegvesenet

forresten ikkje har råd til. Vegstyresmaktene signaliserer at det kjem til å verta sett vilkår for kva som skal skje i kva rekkjefølgje.

Grøntanalyse

– Dele- og byggjeforbodet har gjeve eit pusterom, men eg er vonbroten over at korkje kommunen eller grunneigarane synest å ta det minste omsyn til den såkalla grøntstrukturanalysen for Kvamskogen. Også Fylkesmannen har vist seg slepphendt overfor utbyggarane, hevdar Bjerring Hansen.

Han reknar med at talet på hytter har auka til 2.350 innan dei neste ti åra. Då vert det tett, seier han og støttar planar om å opna Sjuseteområdet for hyttebygging.

Hordaland □
Folkeblad □
Tysdag 9. mars
2004